

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristoffer Andre Grindheim	FA - F30	14/121

Saknr	Utval	Type	Dato
069/2015	Formannskapet	PS	09.06.2015
057/2015	Kommunestyret	PS	18.06.2015

Førespurnad om å busette fleire flyktningar i 2015 og 2016

Vedlegg:

151387 (L)(326957) (L)(326961) (Brev frå Statsråden)

Førespurnad om Busetting av flyktningar i 2015 (L)(16805)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune held fast på vedtak om å ta imot 10 flyktningar i 2015 som vedtatt jf. kommunestyrevedtak sak 57/2014. Viss ein klarer å skaffe fleire bustadar og elles har kapasitet til det, så kan kommunen ta imot ekstra flyktningar, inntil 17 for 2015. Masfjorden kommune tek sikte på å ta imot 14 flyktningar som er oppmoda om i 2016 og 10 flyktningar i 2017.

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Brev frå statsråden om kommunen sin kapasitet til å busette fleire flyktningar i 2015 og 2016. Masfjorden kommune fekk 23.04.15 tilsendt brev frå statsråden om å gje tilbakemelding på kommunen sin kapasitet til å busette fleire flyktningar enn allereie vedteke for 2015 og 2016. Brevet vart sendt ut til alle kommunar i landet på bakgrunn av flyktningkrise ein har i dag og forslaget om å auke Norge sitt tal på mottak av kvoteflyktningar frå Syria til 10 000 i 2015/16.

Per i dag er det meir enn 5 000 personar som sit i asylmottak og ventar på busettingskommune. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) kjem med ei lenge planlagt tilleggsoppmoding på 2 500 busetjingar i 2015.

Vedlagt i brevet frå statsråden er eit forslag på auka busetjing for kommunar i 2015 og 2016. For Masfjorden er det foreslått å auke frå 10 til 17 personar i 2015 (justert oppmoding 13 personar, 4 personar utover planlagt oppmoding) og frå 10 til 14 personar i 2016 (justert

oppmoding på 9 personar, utover planlagt oppmoding på 5 personar).

Til slutt ber statsråden om ei tilbakemelding på kor mange ekstra flyktingar kommunen eventuelt kan busette i 2015 og 2016.

Tilbakemelding frå Masfjorden kommune til departementet

Masfjorden kommune legg opp til politisk handsaming av førespurnaden om mottak i formannskapet 9. juni og kommunestyret 18. juni. Førebels signal etter siste formannskapsmøte er at kommunen er positiv til auka mottak. Formelt svar på førespurnaden vert såleis gjeve 18. juni.

Fakta:

Kommunestyret har vedtatt å busette 10 flyktingar i 2015 jf. kommunestyret vedtak 057/2014. Vedtak om busetting i 2016 og 2017 vert gjort i løpet av 2015 jf. kommunestyret vedtak 057/2014.

Kommunestyret - 057/2014:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

- 1. Masfjorden kommune vil busette 10 flyktingar i 2015. Vedtak om busetting i 2016 og 2017 vert gjort i løpet av 2015.**
- 2. Det vert oppretta eiga stilling som flyktingkonsulent i minimum 50%. Stillinga kan vurderast i samarbeid med nabo kommunar.**
- 3. Det vert oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe beståande av representantar innanfor sektorane; helse, oppvekst, kultur og NAV som skal bidra i busettingsprosessen.**
- 4. Det vert sett av kr 200 000,- til å førebu kommunen på å ta imot flyktingane. Midlane skal gå til kompetansebygging, innkjøp av utstyr med meir.**
- 5. Eit nødvendig antall bustader etter ei heilskapsvurdering vert haldne av med tanke på busetting av flyktingar.**
- 6. Rådmann får mynde til å avgjere kvar i kommunen det er best mogleg å legge til rette for flyktingar, utifrå ein heilskaps vurdering.**

Status på det førebuande arbeidet

Den 13.05.14 vart formannskapet orientert om det førebuande busettingsarbeidet som er i gong. Det er oppretta ein tverrfagleg arbeidsgruppe som har arbeida med ein kartleggingsprosess om kva for eit område som eignar seg best for busetting i 2015. Gruppas heilskapelege vurdering er at Matre er området som eignar seg best for busetting i 2015. Viktige årsakar til denne vurderinga er blant anna: tilgjengelegheit av bustadar, kapasitet i skule og barnehage, potensielle arbeidsplassar, utval av fritidsaktivitetar, frivillige aktørar, kollektivtransport tilbod, naturlige møtestadar og fleire alternativa for organisering av vaksenopplæring (Matre og Knarvik). Dei største utfordringane i Matre er tilgjengelegheit til butikk og sosiale/helse tenestar. Arbeidsgruppa sin vurdering er at det er realistisk med busetting i september/oktober. Det arbeidas nå med å klargjere bustadsituasjonen, organiseringa av introduksjonsprogrammet, klargjere skule/barnehage og avtale med IMDI om busetting. Kommunen har haldt av ein kommunal leilegheit på Matre til ein flyktingfamilie som kjem. Det arbeidas med å skaffe ein eller to leilegheiter til på Matre som

kan vera aktuelle.

Økonomiske vurderingar

Tilskot

Dei to viktigste tilskota til kommunen frå staten er: (1) integreringstilskot som er persontilskot gitt for 5 år. (2) Tilskot for opplæring i norsk og samfunnskunnskap blir gitt i form av grunntilskot og persontilskot basert på kor mange personar som deltar i introduksjonsprogram.

1. Integreringstilskott

Stortinget har fastsatt følgjande satsar for integreringstilskot i 2015:		
Integreringstilskot	Busettingsår	Sats
	År-1 (2015)	kr. 182 000 (vaksen)* kr. 182 000 (barn)* kr. 232 000 (einslig vaksen) kr. 182 000 (einslig mindreårig)
	År-2	kr. 210 000
	År-3	kr. 152 000
	År-4	kr. 82 200
	År-5	kr. 70 000
Barnehagetilskot		kr. 24 400 (eingongstilskot)
Eldretilskot		kr. 157 500 (eingongstilskot)
Særskilt tilskot einsleg mindreårig		kr. 191 300
Personar med kjende funksjonshemmingar		Tilskot 1: kr. 175 900 (eingongstilskot) Tilskot 2: Inntil kr.1 080 000 i inntil 5 år

* Personar reknas som vaksne frå og med året dei fyllar 18 år.

2. Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

2.1 Persontilskot:

Kommunen vil mota tilskot per person (3 år) i målgruppa for rett og plikt eller bare rett til opplæring som har fått opphaldsløyve.

Satsane for 2015:

Tilskotsår	Låg sats (3 år)	Høg sats (3 år)
ÅR 1 (2015)	12 800	31 900
ÅR 2 (2014)	22 000	57 800
ÅR 3 (2013)	12 900	35 900

Tilskotet har to satsar, en høg sats for personar frå Afrika, Asia, Oseania (unntatt Australia og New Zealand), Øst-Europa, Sør-Amerika og Mellom-Amerika. Låg sats gjelder personer

frå Vest-Europa, Nord-Amerika, Australia og New Zealand.

2.2 Grunntilskot:

Målgruppa for grunntilskotet i 2015 er kommunar som per 15. januar 2015 har mellom 1 og 150 personar i personkretsen for rett og plikt eller rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonsloven, personar som utløyser persontilskot år 1-3 i 2015.

Tildelingskriterier i statsbudsjettet for 2015 er det fastsatt ein utbetaling i to satsar. Låg sats, 180 000 kr., utbetales til kommunar med 1-3 personar i målgruppa registrert i NIR (Nasjonalt Introduksjonsregister) 15. januar 2015. Høg sats, 560 000 kr., utbetales til kommunar med 4-150 personar i målgruppa registrert i NIR 15. jan. 2015.

1 -3 personar som deltar i introduksjonsprogram = **180 000**

4 -150 personar som deltar i introduksjonsprogram = **560 000**

Ved flytting til ein anna kommune følgjer deler av tilskota med.

Husbankens økonomiske verkemidla

Husbanken kan gje grunnlån til kommunar og private aktørar på intill 100 % finansiering (av prosjektet) ved oppføring av utleigebustadar til vanskelegstilte på bustadmarknaden (flyktningar er ein kategori). I utgangspunktet kan husbanken finansiere intill 80% av lånekostnadene til private aktørar, men dei kan også gje 100 % finansiering ved avtale med kommunen om utleige.

Husbanken kan gje tilskot til kommunar, stiftelsar og andre aktørar som etablerer og utbetrar utleigebustadar på intill 40 % av utgiftene til prosjektet. For utleigebustadar som er eid av andre enn kommunar skal det tinglyses ein klausul om bruk av bustaden og at kommunen har tildelingsrett i minst 20 år.

Det kan gis tilskot til kommunalt disponerte utleigebustadar for vanskelegstilte ved: a) Oppføring av nye bustadar b) Kjøp av bustadar c) Utbetring av bustad som bidrar til økt kvalitet. Dette gjelder særlig med omsyn til universell utforming og energi/miljø. d) Etablering av utleigebustadar ved at kommunen sikras tildelingsrett. Det gis ikkje tilskot til ordinært vedlikehald og rehabilitering av utleigebustadar.

Husbanken har også verkemidla for å hjelpe personar som har vanskeleg med å etablere seg på bustadmarknaden. Husbanken kan hjelpe personar med å få startlån til å kjøpe eigen bustad. Husbanken finansierer ordninga, men kommunane utarbeidar retningslinjer for korleis startlån ordninga skal brukas. For personar med låg inntekt kan startlånet kombineras med tilskot og/eller bustønad.

Vurdering:

Bustad

Per dags dato er ein bustad på Matre haldt av til ein flyktningfamilie som kjem. Kommunen har nokon kommunale bustadar på Matre, men ikkje som er ledige på det nåverande tidspunkt. Det arbeidas med å finne fleire bustadar som kan vera aktuelle for flyktningane som kjem, både kommunale og private bustader er aktuelle. Kommunen er positive til å klare

å skaffe minimum 2 bustadar tilgjengeleg i 2015.

Tilgjengelegheit av bustadar er ein av dei store utfordringane i det førebuande busettingsarbeidet. Det vart diskutert i formannskapet (09.05.14) at det kan være behov for etablering av nye bustadar. Om det blir aktuelt å etablere nye bustadar kan det vere nyttig å vurdere det i eit langsiktig perspektiv og at eventuelle nye bustadar også kan brukas av andre vanskelegstilte på bustadmarknaden enn flyktingar. Kva for eit område i Masfjorden det eventuelt skal etableras i bør også vurderas.

Skule og barnehage

Det er god kapasitet i skule og barnehage i Matre og resten av Masfjorden (bortsett frå Nordbygda barnehage) for å ta imot barn som kjem. Styrking av kompetanse og bemanning i skule og barnehage er planlagt og vil bli diskutert nærmare når man veit meir konkret om barna som kjem.

Introduksjonsprogram for dei vaksne flyktingane

Organisering av vaksenopplæringa er i gong. Det er fleire aktuelle lokalar for vaksenopplæringa i Matre. Det er lyst ut stilling for undervisninga og me tenkjar å få på plass to lærar som kan dele på undervisninga. Det er også ein mulighet for å kjøpe deler av tenesta av Knarvik Vaksenopplæring ved behov, dei har god kapasitet og rullerande opptak. Om det på sikt blir aktuelt å busette flyktingar i andre områder i kommunen må det også vurderas om det trengs fleire avdelingar av vaksenopplæringa på grunn av avstand og transport.

Arbeidsmarknad

Det er vurdert at det generelt sett er behov for meir arbeidskraft i Masfjorden. Arbeidsgruppa har utført ein grov kartlegging av potensielle arbeidsplassar i Matre, nærliggande områder og i kommunen generelt. Vurderinga er at det er fleire potensielle mogligheiter til å finne både språk/arbeids praksisplassar og framtidige arbeidsplassar for flyktingane som kjem.

Økonomi

Tilskota frå staten skal dekkje kommunens gjennomsnittlege kostnader ved busetting og integreringsarbeid i busettingsåret og dei fire neste åra. Tilskota er knyta til objektive og kontrollerbare kriteria.

IMDi rekna ut at samla utgifter til femårskullet i 2013 var 743 000 kr, integreringstilskotet i 2013 var på 616 800 kr for vaksne og 596 500 for barn. Gjennomsnittlege utgifter per undervisningstime var i 2013 på 1 250 kr ved drift utan lokale, og 1 520 kr med lokale. Det bergenas ut ein gjennomsnittsutgift per person, så veldig mange kommunar vil i realiteten ha utgifter som er høgare eller lågare enn det kartlegginga visar. Integreringstilskotet for 2015 (5år) har økt til 696 200 kr for vaksne og barn.

Grunntilskotet for opplæring i Norsk og samfunnsfag aukar betydelig når man har fleire enn 3 personar i introduksjonsprogrammet. Fleire deltakara i vaksenopplæringa trengjer nødvendigvis ikkje å bety at det er behov for økt bemanning, men kommunen vil få utbetalt persontilskot (3 år) for kvar deltakar i undervisninga.

Kommunen vurderer at det ikkje vil vera ekstra utgifter å busette fleire flyktingar i 2015/16 ettersom flyktingtenesta allereie er etablert og det førebuande busettingsarbeidet er i gong. Vaksenopplæringa vil vera organisert og ha kapasitet til fleire deltakara. Vurderinga er at dei økonomiske utgiftene ikkje vil påverke ressursane kommunen har planlagt for busettingsarbeidet i 2015/16.

Utfordringar

Tilgjengelegheit av bustadar på Matre er noe usikker i 2015 og det er vanskelig å garantere fleire bustadar enn til dei allereie 10 flykningane som kjem. På grunn av liten tid til å skaffe fleire bustadar kan ikkje kommunen vedta å busette ekstra flykningar i 2015. Dersom det blir fleire tilgjengelige bustadar slik at kommunen kan busette meir enn 10 flykningar så tar kommunen kontakte IMDI og tilbyr å busette fleire i 2015.

Masfjorden kan klare å busette 14 flykningar i 2016 ettersom kommunen har tid til å planlegge bustadsituasjonen som er den største utfordringa. Oppmodinga om busetting for 2017 er på 10 flykningar, det er et tal Masfjorden kan klare.

Konklusjon:

Formannskapet - 069/2015

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vert samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune held fast på vedtak om å ta imot 10 flykningar i 2015 som vedtatt jf. kommunestyrevedtak sak 57/2014. Viss ein klarer å skaffe fleire bustadar og elles har kapasitet til det, så kan kommunen ta imot ekstra flykningar, inntil 17 for 2015. Masfjorden kommune tek sikte på å ta imot 14 flykningar som er oppmoda om i 2016 og 10 flykningar i 2017.

Kommunestyret - 057/2015

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune held fast på vedtak om å ta imot 10 flyktningar i 2015 som vedtatt jf. kommunestyrevedtak sak 57/2014. Viss ein klarer å skaffe fleire bustadar og elles har kapasitet til det, så kan kommunen ta imot ekstra flyktningar, inntil 17 for 2015. Masfjorden kommune tek sikte på å ta imot 14 flyktningar som er oppmoda om i 2016 og 10 flyktningar i 2017.